



## *Reglement for Sveio ungdomsråd*

Vedtatt av Sveio kommunestyre  
11. desember 2023, jf. sak KOM-XXX/23

## Innhald

1. Innleiing .....	3
2. Formål .....	3
3. Val og samansetning .....	3
4. Saksfelt for ungdomsrådet.....	4
5. Deltaking i kommunale organ og disponering av midlar .....	5
6. Rettar og plikter .....	5
7. Opplæring.....	6
8. Årsmelding.....	6

## 1. Innleiing

Rådet sitt namn er Sveio ungdomsråd (SUR).

Ungdomsråd er lovpålagd etter kommuneloven § 5-12, jf. § 5-2. Dei same føresegnene gjeld for ungdomsråd som for folkevalde organ, jf. kommuneloven § 5-2.

Ungdomsrådet skal veljast av kommunestyret, jf. pkt. 3.

Det følger av kommuneloven § 5-13 at ungdomsrådet skal ha eit reglement som fastset:

- a. Organet sitt verkeområde og eventuell vedtaksmynde.
- b. Tidsperioden som organet er oppretta for.
- c. Eventuelle andre sentrale føresegner om organet si verksemd.

## 2. Formål

Ungdomsrådet skal bidra til at ungdom blir sikra brei, open og tilgjengeleg medverknad i alle saker som gjeld dei. Rådet tar ikkje opp saker som gjeld enkeltpersonar, men saker av prinsipiell karakter som gjeld ungdom som gruppe. Ungdomsrådet skal gi råd til kommunen slik at kommunestyret har eit betre grunnlag for sine avgjerder.

Ungdomsrådet skal inspirera ungdom i Sveio til å delta i den demokratiske prosessen og engasjera ungdom i praktisk politisk arbeid.

Ungdomsrådet skal fremma aktivitetar, skapa idéar og saman med andre organ arbeida for nye tiltak til gagn for ungdom.

## 3. Val og samansetning

Ungdomsrådet består av elleve – 11 – medlemmer med inntil elleve – 11 – varamedlemmer.

Kommunestyret vel medlemmer til ungdomsrådet, basert på val gjort etter denne føresegna. Råd vel sjølv leiar og nestleiar i konstituerande møte.

Valperioden for ungdomsrådet er to – 2 – år. Nytt råd skal veljast kvar haust etter at høvesvis kommunestyre- og fylkestingsval eller stortingsval er gjennomført. Leiar og nestleiar blir vald for eitt – 1 – 1 år.

Valform og -prosess blir organisert av kommuneadministrasjonen. Rådmannen utarbeider ein rutine for val etter Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet sin rettleiar for ungdomsråd. Ein skal arbeida mot eit breitt, representativt råd med tanke på kjønn, alder, bustad etc.

Medlemmer i ungdomsrådet skal vera busett eller ha heimeadresse i Sveio kommune. Medlemmene kan veljast blant ungdom mellom 13 og 18 år; det vil seia dei som fyller 13 år i valåret, og de som ikkje har fylt 19 år på valtidspunktet. Seks – 6 – av medlemmene skal på valtidspunktet gå på ungdomsskulen og fem – 5 – på vidaregåande skule eller vera lærling.

Ungdomsrådet kan oppretta arbeidsutval og arbeidsgrupper etter eige ønske og behov.

#### 4. Saksfelt for ungdomsrådet

Ungdomsrådet er eit rådgivande organ for kommunen, og har rett til å uttala seg i alle saker som gjeld ungdom i kommunen. Rådet sine anbefalingar i konkrete saker skal følgja saksdokumenta til det kommunale organet som avgjer saken endeleg.

Kommunestyret skal sikra at ungdomsrådet blir høyrd så tidleg i prosessen at rådet har moglegheit til å påverka avgjerdene som skal bli tatt. Rådmannen utarbeider rutine for tidleg involvering, koordinator- og sekretariatsfunksjon (jf. pkt. 6).

Rådet skal ikkje behandla saker som gjeld avgjerder overfor enkeltpersonar.

Ungdomsrådet kan behandle saker innan alle område som er relevante for ungdom, for eksempel:

- kultur- og fritidstilbod
- skulesaker
- helsetilbod
- samferdsel og kollektivtilbod
- miljø saker
- kommunen sitt årsbudsjett og økonomiplan
- arealplanlegging
- kommuneplanar

Lista over er ikkje uttømmmande.

Dersom kommunen er i tvil om ei sak bør bli tatt opp i ungdomsrådet, bør dei kontakta ungdomsrådet med førespurnad om rådet ønsker å uttala seg i saka.

Rådet kan ta opp saker på eige initiativ.

Ungdomsrådet har utover ovannemnde mandat til å jobba med eigne saker og tiltak åleine, eller i samarbeid med kommunen sin administrasjon eller andre.

## 5. Deltaking i kommunale organ og disponering av midlar

Leiar og nestleiar i ungdomsrådet har møte-, tale- og forslagsrett i kommunestyret.

Ungdomsrådet vel personlege vararepresentantar for leiar og nestleiar.

Ungdomsrådet vel to – 2 – representantar med møte-, tale- og forslagsrett (med personlege vararepresentantar) til formannskapet. Dette kan vera same representantar som møter i kommunestyret, altså leiar og nestleiar.

Ungdomsrådet vel éin – 1 – representant med møte-, tale- og forslagsrett (med personleg vararepresentant) til hovudutvala for høvesvis helse/omsorg, oppvekst/kultur og teknisk/næring.

Ungdomsrådet får delegert myndigheit til å disponera eventuelle midlar som kommunestyret løyver rådet. Rekneskapen skal då førast som en del av kommunen sitt rekneskap.

## 6. Rettar og plikter

Medlemmene av ungdomsrådet er folkevalde, jf. kommuneloven § 5-2. Medlemmene av rådet har dermed same rettar og plikter som andre folkevalde.

**Møteplikt og forfall:** Plikt til å delta i rådet sine møte med mindre ein har gyldig forfall. Dersom ein medlem er sjuk, vil dette vera en gyldig forfallsgrunn. Forfall skal meldast så tidleg som mogleg, slik at ein kan kalla inn ev. vararepresentant.

**Møtegodtgjersle:** Reglane for møte- og reisegodtgjersle, samt dekning av tapt arbeidsforteneste følger av lokal forskrift om godtgjersle til folkevalde av 13.desember 2021 nr. 3971.

**Teieplikt:** Ungdomsrådet er et forvaltningsorgan etter forvaltningsloven. Medlemmer av rådet har derfor teieplikt etter forvaltningsloven.

**Møteverksemd og arbeidsmåtar:** Ungdomsrådet vedtar sin eigen møteplan med minst åtte – 8 – møter pr. år, som skal tilpassast møteplanen kommunestyret har vedtatt for kommunestyret og politiske utval.

Leiar, i samarbeid med kommunal koordinator, set opp saksliste og innkallar til møte. Saksliste skal sendast ut sju – 7 – dagar før møtet. Det blir skriven møteprotokoll så snart som mogleg etter gjennomført møte. Alle medlemmer pliktar å komma førebudde til møtet, ved å lesa saksliste og aktuelle dokument.

For at ungdomsrådet skal kunne treffa vedtak, må minst halvparten av medlemmene vera til stades på møte og ha røysta i den aktuelle saka. Røysteplikta gjeld òg i ungdomsrådet, jf. kommuneloven § 8-1, jf. § 5-2. Ved røystelikskap har leiaren dobbeltrøyst.

**Koordinator- og sekretariatsfunksjon:** Rådet skal bli gitt tilstrekkeleg sekretariatshjelp på lik linje med andre politiske utval i kommunen. Rådmannen avgjer, med utgangspunkt i rettleiaren for ungdomsråd, korleis sekretariatshjelpa og koordineringsansvaret skal organiserast.

Det blir elles vist til føresegnene i kommuneloven, forvaltningsloven, samt Sveio kommune sitt reglement for folkevalde organ og delegeringsreglement.

## 7. Opplæring

Opplæringa av medlemmene i ungdomsrådet bør skje så raskt som mogleg etter tiltreding. Rådet bør få informasjon og opplæring, slik at medlemmene blir i stand til å vareta oppgåva som rådsmedlem. Tema som kan inngå i opplæringa er informasjon om offentleg forvaltning, ungdomsrådet si rolle, møte med politikarar og administrasjon, forventningar og krav, samt om rettar og plikter.

## 8. Årsmelding

Ungdomsrådet skal leggja fram ei årsmelding kvart år. Meldinga bør blant anna innehalda informasjon om kven som har vore representantar, kva saker som er behandla, kva råd og uttaler som er gitt og kva eigne initiativ rådet har tatt. Meldinga skal innehalde ei vurdering av den påverknadskrafta ungdomsrådet meiner dei har hatt i året som har vore.